

# **VEDTEKTER**

## **VALDRES FOLKEMUSIKKLAG**

### **§ 1 VALDRES FOLKEMUSIKKLAG**

danna i 1966 under namnet Folkemusikknemnda for Valdres, er eit samarbeidslag for alle som arbeider med Valdrestradisjon i spel, song eller dans.

### **§ 2 FØREMÅL OG VERKSEMD.**

Laget skal:

- vera eit samarbeids- og samordningsorgan for medlemslaga i arbeidet med folkemusikk og -dans i Valdrestradisjon.
- samarbeide med Valdresmusea AS om innsamling og bruk av folkemusikkarkivet.
- i samarbeid med medlemslaga arbeide med vidareføring av musikken og dansen i form av opplæring, miljøskaping, tilskipingar osv.
- ivareta folkemusikkinteressene andsynes kommunale, regionale og fylkeskommunale styresmakter

### **§ 3 MEDLEMSKAP**

Alle lag og institusjonar som arbeider med Valdrestradisjonen i spel, song eller dans kan bli medlemmer i laget. Søknad må sendast styret. Vedtaket her kan overprøvast på årsmøtet. Enkeltpersonar er tilslutta gjennom lokallaga. Valdres Folkemusikklag representerer Valdres i fylkessamanheng og er tilslutta Landslaget for Spelemenn.

### **§ 4 ÅRSMØTET**

Årsmøtet skal haldast innan 01.04. kvart år. Innkalling, sakliste og sakspapir må vera sende medlemmene seinast to veker på førehand. Medlemmer som melder saker til styret før 01.01. har rett til å få desse handsama på årsmøtet.

Årsmøtet er ope for alle interesserte, og alle medlemmene i lokallaga har talerett. Alle medlemslaga har rett til to utsendingar med stemmerett.

Årsmøtet handsamar innkalling og sakliste, årsmelding, ettersett rekneskap, budsjett og arbeidsprogram i tillegg til dei sakene som styret eller medlemmene elles har bede om å få opp på sakskartet.

Dessutan skal årsmøtet velja:

- ordstyrar for årsmøtet
- referent
- to til å skrive under protokollen
- leiar og to styremedlemmer etter framlegg frå valnemnda (leiar for eitt år og styremedlemmer for to).
- 3 varamedlemmer til styret (for eitt år)
- ein ny medlem i valnemnda for tre år. Leiarvervet rullerer i nemnda og fylgjer den som sit det tredje året sitt.
- eit medlem til nemnda for Haldor Røyne og Torleiv Bolstads Minnefond

Alle vedtak utanom vedtektsendringar krev berre vanleg fleirtal. Står røystene likt avgjer styreleiar saka.

Vala skal vera skriftelege om nokon krev det, og her er det leiaren av den avgåande valnemnda som avgjer dersom røystene står likt.

T. HB  
J.S.

## § 5 EKSTRA ÅRSMØTE

Ekstra årsmøte kan setjast når som helst på året, dersom det vanlege årsmøtet, minst to av styremedlemmene eller minst to tredjedelar av medlemmene ber om det. Innkallingstida må vera minst ein månad, elles gjeld same reglar som for det vanlege årsmøtet.

## § 6 STYRET

Styret har seks medlemmer, og valperiodane er eitt år for leiaren og to år for dei andre styremedlemmene. Leiaren og fire styremedlemmer er valde av årsmøtet, den sjette medlemmen er oppnemnd av Valdresmusea AS. Leiaren har dobbeltstemme dersom det blir stemmelikskap. Minst tre av medlemslaga må vera representert i styret. Styremøta er vedtaksføre når minst fire av medlemmene er til stades. Leiaren kallar inn til møta.

Styret har ansvar for mellom anna desse arbeidsoppgåvene:

- styret i VFL er generalforsamling for Valdres folkemusikkarrangement AS
- utforme og revidere årleg leige- og samarbeidsavtale med Valdres Folkemusikkarrangement AS
- drive kursverksemd på regionalt plan. Her må det til samordning mellom dei ulike aktørar; lokallag, musikkskule, spelemannskule, andre
- miljøtiltak/miljøskaping. Samordning med lokallaga
- medlemsbladet "Låt o link"
- samordning av representasjon av folkemusikk/folkedans-Valdres heime og ute
- samarbeide med dei andre regionale laga i fylket (Gudbrandsdalen og Vest-Oppland)
- samordne ressursar, innkjøp av diverse utstyr m.m.
- styret kan delegere saker til eit arbeidsutval
- gje gode tilhøve for dei tilsette i organisasjonen.

## § 7 LEIARMØTE

Minst ein gong i året (helst om hausten) bør styret kalle inn til eit leiarmøte. I tillegg kan styret søkje råd i eit slikt møte når det er trong for det.

## § 8 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektene kan berre endrast på eit vanleg årsmøte og med to tredjedels fleirtal. Ordrett framlegg til endring må vera sendt medlemmene saman med møteinnkalling.

## § 9 OPPLØYSING

Laget kan berre oppløysast på vanleg årsmøte og med tre fjerdedels fleirtal. Forslaget om oppløysing må vera sendt medlemmene minst to månader før årsmøtet.

Dersom laget blir oppløyst går lagseiga over til Valdres Folkemuseum, og må nyttast til vidare fremjing av lagsføremålet.

## § 10 IKRAFTSETJING

Desse vedtektene trer i kraft frå 12. mars 2009 og erstattar tidlegare vedtekter – sist revidert 22. mars 2007.

TWB  
f.s.